

8.
Trongt no i lande

Stevtonen

1) Trongt no i lande korleis ein bala
kostar so mykkje kva ein skal ala
De' mat og klede de' hus og heim
Den alt skal leiga de' dyrt for deim

2) Aa skal ein kjøpa og sleppa leiga
Med laan aa rentor vert dyrt aa eiga
So alt vert spelegt, ei vandsleg sak
At kor ein snur seg er ryggjen bak

3) Dei gamle fædrar av røynsla valde
Seg andre vegar med livsupphalde
Dei hugde jamvegt, so dei var van
So det var gildast, dar flaut eit gran

4) Du kan fortæna, du kan addera
Mangfoldiggjera aa dividera
Du fin kun tap, berre slit aa sut
Aa kva du tena, dar meir gaar ut

5) Ein ikkje heller med grunn kan gjeva
Det vitnemaal at 'kje folkji stræva
Trutt etter føda paa land aa hav
Men faae greida kan livets krav

6) Ein kan 'kje heller med rettfer døma
det galt at folkje fraa lande røma
Sjaa folk er nøgde aa fara ut
Aa finna berg i fraa naud aa sut

7) Det gjeng 'kje heller seg burt aa gøyma
ei heller suti i rusdrykk gløyma
Ei heller gjeng det paa urett veg
sit upphald finna, so meinar eg

8) Ein kan nok prøva paa Gyklar aga
Kvart ord paa tunga si jamna laga
At med ein jatta, agera pjat
I diskussionar aa stormannsprat

9) Du kan aag prøva, din godhug tyna
Aa aller blygskap i selskap syna
Det kunde henda du meir fekk rett
Vart meira vyrda, til høgbord sett

10) Du kan aag prøva, ta paa deg hanskar
Aa helsa mjukleg – faa mindre vanskar
Aa endaa mindre naar ingjen ser
Kva under hanskjen i handi er

11) Jau du kan prøva i alle maatar
Aa dansa etter dei ymse laatar
Daa best ein bergar baa bein aaa skinn
Aa sleppa ottast for munnen sin

12) Den stukne vegen eg segjer ditta
det er for illa at folk seg splitta
Det avlar virvar – ein er 'kje glad
Dei lure vegar skull ingen ga

13) Ein skulle alltid sit samvit lyda
I godver som i ei torebyga
Rettfer aa sanning dei høge maal
Um ein får paa seg baa hel aa baal

14) I truskap ferdast paa sanningsvegen
Gjev beste trivna aa gjer ein fegen
Um ein vert hæda, so meinar eg
Ein tryggast gjeng no på sanningsveg